

# Velkomen til ICDP-foreldregruppe

Ynskjer du å bli ein endå betre omsorgsgjevar for din ungdom?



**Vi ynskjer å invitere deg/dykk til å delta på ICDP-foreldregruppe ved Stryn helsestasjon.**

Som foreldre har alle mange gleder og naturleg nok også utfordringar. I ein travel kvardag kan det vere lite tid til å tenkje over korleis vi er som foreldre og ikkje minst kor viktige vi er for ungdomen vår.

## Kva er ICDP-foreldregruppe?

Gjennom ICDP foreldregrupper kan du møte andre foreldre for å utveksle erfaringar om forholdet til ungdomen. Målsettinga er at den enkelte mor eller far skal bli trygge foreldre, ved å bli bevisste på kva dei gjer som er bra for barna sine. Du får ingen ferdig oppskrift, men hjelpe til å finne eigne løysingar for deg og din ungdom. Samtalane i foreldregruppene tek utgangspunkt i dine og dei andre deltakarane sine erfaringar frå kvardagen. Fokuset er på korleis foreldre oppfattar barnet sitt og korleis ein samspelar i kvardagen. Gjennom arbeid med 8 tema for godt samspele vil du kunne «sjå» og forstå ungdomen din på ein ny måte.

## Kven er tilbodet for?

Program for forelderrettleiing (ICDP) har eit førebyggjande perspektiv og er eit tilbod for alle foreldre med barn opp til 18 år.

## Praktisk informasjon om ICDP-foreldregruppe

- Foreldregruppene er eit gratis lavterskelttilbod som alle foreldre kan være med på
- Gruppene går over sju-åtte samlingar på ca. 1,5 t. per samling
- Foreldregruppa er på inntil 8 personar
- Læringa føregår gjennom ein kombinasjon av samtalar og erfaringsutveksling, oppgåver og refleksjon
- Ein vel sjølv kor mykje ein ynskjer å dele i gruppa

**Tidspunkt: Torsdagar kl. 14.00 – 15.30**

**Stad: Stryn helsestasjon**

**Oppstart: Torsdag 29. oktober**

ICDP-foreldregruppa vert leia av Hilde Nordnes og Tine Camilla Rosenvinge.

## Ynskjer du å delta i ICDP-foreldregruppe?

Ta kontakt med Stryn helsestasjon (57 87 69 99) for påmelding eller ved spørsmål.

Frist for påmelding fredag 23. oktober



**STRYN KOMMUNE**